

Referat frå møte vedkommande drøftingar områderegulering Frekhaug senter

Til stades : Tom Lingjerde, Gisle Skauge, Kristin Nåmdal, Anne Lise Næs Olsen og Anny Bastesen

Tid og stad: Meland rådhus, torsdag 8 april 2015

Bakgrunn for møte var at Skauge og Lingjerde ynskjer å få status på kva utnyttingsgrad og byggjehøgde som ligg i områdeplan for deira eigedom for Frekhaug sentrum.

Eit av tema som vart drøfta var at byggjehøgder ikkje var sett på plankartet når kommunestyre vedtok planen. Tiltakshavarane meinte difor at dei ikkje var godt nok informert om kva konsekvensar byggjehøgder som var vedtekne ville få for utbyggjar.

Lingjerde ynskjer å ha høve til å byggje på ein etasje slik at bygget vert i fire etasjar. Planen opnar i dag for 3,5 etasjar. Det er lite føremålstenleg i høve til vidare utvikling av eigedomen og sentrumsutviklinga generelt.

Lingjerde og Skauge ynskjer at kommunen må setje i gang arbeidet med ei planendring i høve områdeplanen. I denne prosessen burde ein sjå fleire eigedommar i samanheng for å få best mulig utnytting av området.

Meland kommune orienterte og peika på at tiltakshavar har vore involvert planprosessen heile tida, og at ved første høyring i 2012 var byggjehøgden teikna på plankartet.

Meland kommune og tiltakshavar har same utgangspunkt, vi ynskjer eit aktivt og levande sentrum.

Dersom planen skal endrast er det ulike måtar å løyse dette på:

Tiltakshavar kan søkja om ei reguleringsendring, eller kommunen kan sjå ein større del av området under eit og vurdere ei planendring.

Uansett kva løysing ein vel, vil ein måtte ta omsyn til byggjehøgder og ein må sjå på parkeringsdekning og uteoppfallsareal.

Etter interne drøftingar rår administrasjonen til at ein vurderer ein planendring i høve eksisterande sentrumsbygg i områdeplanen i samanheng. Dette planarbeidet er sett opp på framlegg til prioriteringslista over arbeid som skal setjast i gang til hausten 2015. Denne lista skal handsamast politisk i vår.

Referent

Kristin Nåmdal

